



**SELJE KOMMUNE**  
**Næring Areal og Bygg**

**Sakshandsamar:**  
Kristian Nave

Det kongelege landbruksdepartement  
Postboks 8007 Dep.

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
År:	2008
Dokumentnr:	216
Dokumenttype:	202
Ansatt:	13 MAI 2008 ASR/EB
Opplyst:	1AA
Arkivnr.:	479
Ref.:	
AVSTJ.:	

**Dykkar ref.**

**Vår ref.**  
08/189-3/FA-V60

**Dato:**  
09.05.2008

**Melding om vedtak - Høyring - Endring i odels - og jordlova - bu- og driveplikt m. m.**

Vedlagt følger utskrift av sak PS 020/08 i Selje kommunestyret den 28.04.08.

Med helsing

for  
Kristian Nave  
fagkonsulent

Anne-Karin Hatlelid  
sekretær servicekontoret



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunalutvalet	09.04.2008	068/08
Kommunestyret	28.04.2008	020/08

Sakshandsamar Kristian Nave	Arkiv FA-V60	Arkivsak 08/189
--------------------------------	-----------------	--------------------

## Høring - Endring i odelslova, konsesjonslova og jordlova - bu- og driveplikt m. m.

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	05.02.2008	Det kongelige landbruks - og matdep.	Høring - endring i odelslova, konsesjonslova og jordlova - bestemmelser om bo - og driveplikt

### Saka gjeld

Landbruks- og matdepartementet har sendt ut på høring eit forslag til endring av odelslova, konsesjonslova og jordlova. Endringane gjeld paragrafar som handlar om bu- og driveplikt.

### Opplysningar til saka

Endringane finn ein i kortversjon i høyringsbrevet (dokument i saka). Heile høyringsnotatet på 80 sider finn ein på internett, [www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

### Lover/regelverk

Odelslova  
Konsesjonslova  
Jordlova

### Sakshandsamar si vurdering

Endringane er ganske omfattande, men hovudintrykket er at forslaget gjer lovene meir samordna og lettare å forstå og handheve. Det er litt auke i arealgrensene og litt innskjerping av praktisering av buplikt. Alt som gjeld driveplikt er lagt til jordlova.

LMD ber om uttale om buplikt i høve erverv av utmarkseigedom, men dette vert ikkje vurdert som særleg aktuelt for Selje kommune.

### **Konklusjon**

Endringsforslaga frå LMD vil gje eit betre lovverktøy for forvaltning av slike saker i Selje kommune.

### **Saksgang**

Ei ev. uttale frå kommunalutvalet vert å sende over til kommunestyret for vidare handsaming der.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Selje kommune støttar forslaget frå Landbruks- og matdepartementet til endringar i odelslova, konsesjonslova og jordlova, bestemmelsar om bu- og driveplikt m.m, slik det ligg føre.

### **Handsaming i Kommunalutvalet - 09.04.2008**

#### **FRAMLEGG FRÅ KOMMUNALUTVALET:**

Som tilråding frå administrasjonen med følgjande tillegg:  
Oppheve konsesjonsfriheta for nære slektningar.

#### **KU-068/08 FRAMLEGG**

Selje kommune støttar forslaget frå Landbruks- og matdepartementet til endringar i odelslova, konsesjonslova og jordlova, bestemmelsar om bu- og driveplikt m.m, slik det ligg føre.  
Oppheve konsesjonsfriheta for nære slektningar.

### **Handsaming i Kommunestyret - 28.04.2008**

#### **Framlegg frå Høgre**

Som tilrådinga utan siste setning:  
"Oppheve konsesjonsfriheita for nære slektningar"

Framlegget frå Høgra vart trekt.

#### **Framlegg frå KrF, H og FRP**

1. Som tilrådinga utan siste setning "oppheve konsesjonsfriheita for nære slektningar"  
Nytt punkt 2 og 3
2. Oppheve buplikt ved overtaking av landbrukseigedom ved arv der eigedomen har vore i familieeige i rett nedstigende linje i minst 20 år.  
Driveplikta vert oppretthalden.

3. Ved kjøp av landbrukseigedom over 25 da dyrka mark, eller 100 da totalt, oppstår bu- og driveplikt

Framlegget frå KrF, H og FRP fekk 15 røyster  
Tilrådinga fekk 2 røyster

**KS-020/08 VEDTAK**

Som framlegget frå KRF, H, og FRP med 15 mot 2 røyster

Utskrift til: Sakshandsamar  
Det kongelege landbruksdepartement